



Arne Bjørn Frotjold  
Slettevegen 145  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar: Ref.:XF7BDM-  
Skjemanr.:5367  
Vår: 22/4992 - 22/53934

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
30.06.2022

## **Melding om utført endring av bygningstype i Matrikkelen - gbnr 465/35 Frotale**

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype datert 16.06.22. Saka har ikkje vore vurdert etter plan- og bygningslova ( PBL)av byggesaksavdelinga men er sendt kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova. Me kan ikkje finna byggeteikningar av huset og kan utfrå dette ikkje vurdere om omsøkt endring er søknadspiktig etter PBL eller ikkje.

### **Bygningstypen er no endra frå 112- einebustad med hybel/ leilighet til 111- einebustad.**

Vurdering:

Du ynskjer endra bygningskoden frå 112- einebustad med hybel/ leilighet til 111- einebustad, med grunngevinga at det ikkje er hybel eller leilighet i huset.

Det er tidlegare registrert at det har vore ein ekstra bustad her, og ved registrering av eigedomsskatten i Radøy vart den bueininga endra frå « ikkje godkjent bolig» til «bustad». Denne bueininga har mest truleg ikkje vore omsøkt.

Matrikkellova sin definisjon av bustad er:

«Med bolig regnes her en bruksenhet som består av ett eller flere rom, er bygd eller ombygd som helårs privatbolig for en eller flere personer og har egen atkomst til rommet/rommene uten at en må gå gjennom en annen bolig. En leilighet er en bolig med minst ett rom og kjøkken. En hybel er et rom med egen inngang beregnet som bolig for en eller flere personer, som har adgang til vann og toalett uten at det er nødvendig å gå gjennom en annen bolig. Bolig er fellesbegrep for leilighet og hybler.» Det er også presisert at eigen inngang ikkje treng bety ytre inngang. Inngang frå ein felles gang/ korridor vil vera nok som eigen inngang til ein hybel/ leilighet.

At hyblar og leiligheiter skal vera registrert er viktig m.a. pga at dei skal få tildelt offisiell adresse ( her brukseiningsnummer/ bustadnummer), slik at leigetakarar skal kunne melde flytting til aktuell bustad. Dette er særst viktig med tanke på tryggheit t.d.ved behov for

ambulanse og ved brann. Leigetakarar har også oftast bruk for eigne søppelspann, noko dei får tildelt når bygningstypen 112 er registrert.

**Konklusjon:**

Bygningstypen vert endra for dette bygget etter opplysning frå deg som eigar.

Dersom det vert etablert utleige i bygget pliktar de å gje kommunen melding om dette, for oppdatering av opplysningar i matrikkelen, eventuelt søknad om bruksendring etter PBL for å etablere ei godkjent utleigeining.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR ( renovasjon ) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

NGIR Forvaltning

**Mottakarar:**

Arne Bjørn Frotjold

Slettevegen 145

5936

MANGER